



Notat

Til: Ingvild Hjelmtveit

Kopi til: Bente Skjerping

Saksbehandler: Teknisk forvaltning/Sture Helle
Vår referanse: 17/2264 - 6 / FA-K23, TI-&00
Dato: 17.06.2019

Emne: Notat til FS handsaming av sak 040/19 den 05/06/2019 samt PL sak 075/19 om utlegging av lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn for høyring

Det vart gjort slikt vedtak i FS:

Saka vert utsett.

Rådmannen presiserer betre kva som vert meint med «vesentleg auke», slik at det vert klarare kva tid krava i planen vil slå inn.

PL si handsaming:

Saka vert utsett inntil spørsmål frå formannskapet er avklarte, jfr. Handsaming av saka i formannskapet 05/06/2019.

Svar i saka:

Den lokale føresegna kan berre erstatte krav i nasjonal føresegn innanfor § 12-7 til § 12-13. Den nasjonale føresegna § 12-1 til 12-6 samt §12-14 til 12-17 gjeld framleis, det er her ein finn «vesentleg auke».

Her er ikkje endringar frå dagens handsaming. Kommunen har som praksis å krevje fagkunnig uttale for eksisterande anlegg og eventuell utbetring av avlaupsanlegg om dette har for liten kapasitet eller reinsegrad der det vert søkt om ny bueining i eksisterande bustad eller andre endringar som fører til vesentleg auke, slik som endring frå fritidsbustad til bustad.

Vi tar og med noko utfyllande informasjon til dei generelle spørsmåla som kjem fram i sakspapir for FS-handsaminga:

VA-plan gjeld for område med regulerings/utbyggingsplan, ikkje for separate utslepp. Nytt toalett i bustadeining med eksisterande utsleppsløyve krev ikkje søknad etter denne føresegna.

Krav i dei ulike soner:

1. Dette gjeld dei fleste drikkevasskjeldene, her vert det ikkje tillete nye utslepp. Gråvatn via filteranlegg.
2. Dette gjeld nedbørsfelt Lonevassdrag, terskel-fjordar samt KPA-føresegn for vasskvalitet indre fjord frå Rivenes til Vaksdals grense. Her er og inntak for drikkevatt Fotland reinseanlegg inne. VA-plan gjeld for område med regulerings/utbyggingsplan, ikkje for separate utslepp. Reinseffekt gjeld for alle utslepp.

3. Same krav som i sone 2, med ikkje tillete med separate utslepp. Gjeld i byggeområde.
4. I sone 4a bør ein nytte infiltrasjonsanlegg der det er eigna lausmasser.
 - 4b er tillete utslepp til sjø via septiktank, avgrensa for terskel-fjordar.

Utklipp frå framlegg til føresegn:

§ 2. Soneinndeling etter resipienttilhøve, krav til reinseffekt og utslepp

Kommunen er delt i soner med krav til reinseffekt, sjå tabell 1 og sonekart.

Arealdelen i kommuneplanen ligg til grunn for fastsetjing av dei ulike soneinndelingane. Vidare er NVE sitt kartgrunnlag for nedbørsfelt og kommunedelplan for vassforsyning nytta.

Tabell 1: Soneinndeling med krav til avlaupsløysingar og reinseffekt.

<i>Soner</i>	<i>Krav til VA-løysningar</i>	<i>Reinseffekt</i>	<i>Utslepps-konsentrasjonar</i>
Sone 1	Det vert ikkje tillate med innlagt vatn. Toalettløysing vert snurreddass og liknande. Gråvatn i utslagsvask går til sandfiltergrøft.	BOF ₅ : 99 % Tot P: 99 % TKB: 100 %	BOF ₅ : < 2 mg/l Tot P: < 0,1 mg/l TKB: 0/100 ml
Sone 2	Det setjast krav om samla VA-plan for kvart einskild byggeområde for bustader og hytter (kvar einskild reguleringsplan/utbyggingsplan), jf. område avsett til byggeområde i arealdelen i kommuneplanen/ reguleringsplan. Elles kan nye separate utslepp tillastast der den totale utsleppsmengda vert redusert ved etablering av fellesanlegg.	BOF ₅ : 90 % Tot P: 90 %	BOF ₅ : < 25 mg/l Tot P: < 1 mg/l
Sone 3	Det setjast krav om samla VA-plan for kvart einskild byggeområde for bustader og hytter (kvar einskild reguleringsplan/utbyggingsplan).	BOF ₅ : 90 % Tot P: 90 %	BOF ₅ : < 25 mg/l Tot P: < 1 mg/l
Sone 4a	Primært infiltrasjonsanlegg der lausmassane er eigna til dette føremålet, jf. NGU sitt lausmassekart, alternativt våtmarksfilter eller minireinseanlegg.	BOF ₅ : 90 % Tot P: 90 %	BOF ₅ : < 25 mg/l Tot P: < 1 mg/l
Sone 4b	Utslepp til fjord. Slamavskiljar.	SS 20 %.	SS: 180 mg/l.